



**PLAN FOR KVALITETSUTVIKLINGA I
GRUNNOPPLÆRINGA I VESTNES KOMMUNE
2015 - 2018**

Godkjent av kommunestyret 26.03.2015

Innhold

1. LOVGRUNNLAG, RAMMER OG MEDVERKNAD.....	3
1.1. Grunnlagsdokument.....	3
1.2. Strategi – Lærarløftet – på lag for kunnskapsskulen.....	4
1.3. Kompetansekartlegging.....	5
2. HANDLINGSPLAN FOR PERIODEN 2015 - 2018.....	5
2.1. Norsk/matematikk/engelsk.....	5
2.2. IKT/digital kompetanse.....	5
2.3. Lærings- og oppvekstmiljø.....	6
2.4. Kultur.....	6
2.5. Kvalitetsvurdering/kvalitetssikring.....	6
2.6. Fokusområde i perioden 2015 – 2018.....	7
2.6.1. Tidsplan arbeid med dei 4 standardane.....	8
2.6.2. Tilpassa opplæring og tidleg innsats.....	8
2.6.3. God leiing.....	9
2.6.4. God brukarmedverknad.....	9
2.6.5. Godt læringsmiljø.....	10
3. RESSURSBRUK.....	10

1 LOVGRUNNLAG, RAMMER OG MEDVERKNAD

1.1 Grunnlagsdokument

- **Opplæringslova**
§ 10-8. *Kompetanseutvikling*

”Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.”

- **Hovedavtalen**
§ 6. *Kompetanseutvikling*

”Partene erkjenner den store betydning øket kompetanse har for den enkelte, bedriften og samfunnet. Dette gjelder både allmennutdanning, yrkesutdanning, voksenopplæring, etterutdanning, kompetansegivende oppgaver og omskolering.

Partene vil derfor understreke det verdifulle i at arbeidstakerne stimuleres til å øke sine kunnskaper og styrke sin kompetanse samt at bedriftene legger stor vekt på planmessig opplæring og utvikling av sine arbeidstakere med eksterne eller interne tilbud.

Den enkelte bedrift må ha et ansvar for å kartlegge og analysere bedriftens kompetansebehov med bakgrunn i bedriftens forretningsidé og strategi.

På bakgrunn av kartleggingen gjennomføres det kompetansehevende tiltak.

Bedriften og den enkelte har hver for seg og i fellesskap et ansvar for å ivareta kompetanseutviklingen.

Ut fra kartlagte behov vil bedriften dekke kostnader forbundet med iverksettelsen av slike opplæringstiltak (lønn, permisjon etc.).

Hvor partene er enige lokalt, kan det i bedriften defineres nærmere omfang av opplæring, under henvisning til den enkelte bedrifts forhold.

Rett til utdanningspermisjon reguleres av arbeidsmiljøloven § 12-11.

Hvis det i forbindelse med utdanning som er av verdi både for vedkommende og bedriften er nødvendig med hel eller delvis permisjon, bør dette innvilges, med mindre særlige grunner er til hinder for det.

Partene er enige om at intensjonene i denne erklæring blir kontinuerlig og raskt aktualisert gjennom det tempo den tekniske utvikling har og vil få i årene fremover. Denne form for etterutdanning kan være en nødvendighet for bedrifter, og må sees på som en reell investering.

I den utstrekning det etter bedriftens syn er nødvendig å heve kunnskapsnivå samt styrke kompetanse for å utføre pålagte arbeidsoppgaver/arbeidsfunksjoner, skal kostnader i forbindelse med dette dekkes av arbeidsgiver.

Skoleeigar har såleis ansvar for å legge langsiktige strategiar og med grunnlag i dette utvikle årlege planar for kompetanseheving. Arbeid med utvikling og gjennomføring av planen skal skje i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, og styringsdokumentet skal vere lokalt politisk forankra.

1.2 Strategi – Lærarløftet – på lag for kunnskapsskulen

I denne strategien lanserer regjeringa dei overordna tiltaka som skal styrke kunnskapsskulen:

- Praksisnær 5-årig lærarutdanning
- Skjerpa opptakskrav til lærarutdanninga
- Krav om at alle lærarar skal ha fordjuping for å undervise i dei mest sentrale faga
- Auka satsing på etter- og vidareutdanning og skulebaserte utviklingstiltak
- Pilot for å skape fleire karriereveggar i skulen

Strategien [Lærarløftet](#) handlar ikkje berre om læraren. Det er eit lagarbeid å byggje ein betre skule. Denne strategien stiller høge krav til lokale skuleleiarar som må utvikle sine skular til å bli gode læringsfellesskap. Strategien stiller også krav til at skuleeigar – kommune og fylkeskommune – må vere lyttande og opne, systematiske og langsiktige. Skulen sitt oppdrag er først og fremst å formidle kunnskap. Skulen kan ikkje løyse alle samfunnets sine problem.

Nøkkelen til å løfte kunnskapen blant elevane er å satse på kompetanse hos lærarane.

Regjeringa vil at alle lærarar i grunnskulen som underviser i dei sentrale faga matematikk, engelsk, norsk, samisk og norsk teiknspråk, skal ha fordjuping i faget. Dette målet vil regjeringa nå ved å skjerpe kompetansekrava og gjennomføre ein omfattande satsing på vidareutdanning for lærarar.

Regjeringa vil at skuleeigar skal kunne gjere unntak av regelen i ein 10 års periode.

Staten har etablert ei vikar- og stipendordning for vidareutdanning av lærarar. I vikarordninga gir staten eit tilskott på vikarkostnader på 75 % innan matematikk og naturfag, skuleeigar 0 % og læraren 25 % i form av bruk av eiga tid.

Fordeling vikarkostnader andre fag er fastsett slik: Staten dekkjer 60 % av vikarkostnadene, skuleeigar 15 % og læraren 25 % i form av bruk av eiga tid. Skuleeigar skal dekke reise, opphald, læremidlar m.m.

Lærarar kan og søkje om å få kr 100.000,- i stipend for å gjennomføre eit studium på 30 stp. i prioriterte fag. Ordninga opnar for at lærar kan bli kjøpt fri eller bruke stipendet som ekstra inntekt. Arbeidstakar og arbeidsgjevar lokalt gjer slik avtale. Skuleeigar må også her dekke reise, opphald, læremidlar m.m.

Bakgrunnen for denne ordninga er strategien *kompetanse for kvalitet 2012-2015*, som er eit partnerskap mellom kunnskapsdepartementet, KS, Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag, Skolenes landsforbund, Skolelederforbundet og Nasjonalt råd for lærerutdanning.

Forskning viser at vidareutdanning gir størst effekt på elevane si læring når den er knytt til læraren sitt daglege arbeid i skulen. Tilbodet er derfor praksisretta ved at lærar sin eigen yrkespraksis blir knytt til og brukast som utprøvingarena og refleksjonsgrunnlag for vidareutdanning.

Kommunestyret i Vestnes gjorde slikt vedtak 10.05.2012, pkt.2 og pkt.3:

Pkt.2 Kommunestyret vil legge til rette for at minimum to lærarar kvart skuleår skal kunne gjennomføre vidareutdanning i tråd med strategien "Kompetanse for kvalitet".

Pkt.3 Frå og med budsjettåret 2013 skal det opprettast ein budsjettpost til formålet under fellesutgiftene for grunnskulen.

1.3 Kompetansekartlegging

Det blei gjennomført ei omfattande kartlegging av kompetansen til det pedagogiske personalet på skulane våren 2009. Seinare har kartlegginga blitt supplert for nyttilsette og for lærarar som har tatt vidareutdanning.

Kommunalsjef og administrasjonssjef gjennomfører skulebesøk ein gong kvart år, og etterspør mellom anna behov for kompetanseutvikling. Behova kjem også fram i skulane sine kvalitetsutviklingsplanar.

Rektor har ansvaret med å følgje opp sentrale kompetansekrav.

2 HANDLINGSPLAN FOR PERIODEN 2015 - 2018

Når det gjeld struktur og innhaldsmoment for årsplanen, blir det vist til pkt. 1.2, Strategi – Lærarløftet – på lag for kunnskapsskulen. I tillegg kjem lokale satsingsområde og lokale behov. Årsplanen vil difor ha fokus kring følgjande fag/fagområde:

- Norsk/matematikk/engelsk
- IKT/digital kompetanse
- Lærings- og oppvekstmiljø
- Kultur
- Kvalitetsvurdering/kvalitetssikring

2.1 Norsk/matematikk/engelsk

Tema	Tiltak	Mål-gruppe	Når	Ansvar	Sam-arbeid	Ressurs-bruk
Aktuelle tema: - Kartleggingsprøver - Nasjonale prøver	Interne drøftingar/ refleksjon Kompetanse- heving	Aktuelle lærarar/	Vår/ haust	Rektor PPT/ Komm. sjef		Arbeidsplan- festa tid
Skrive seg til lesing (STL)	Lesestrategi 1.-4.klasse	Lærarar	Vidare- føre	Rektor/ lærarar		Arbeidsplan- festa tid

2.2 IKT/digital kompetanse

Tema	Tiltak	Mål-gruppe	Når	Ansvar	Samarb- eid	Ressurs- bruk
- Bruk av vurderingsverktøy - Felles kommunal IKT-plan - minTimeplan - Nytt skuleadm. system - Kjøp av PC og programvarer		Lærarane Lærarar Adm.skulen Adm.skulen Lærarar Elevar	Haut/ vår 2015 2015 2015 Årleg	Rektor Rektor Komm. sjef/ Rektor Rektor	Lokalt ROR-IKT	Arbeidsplan- festa tid Kr 300.000,-

2.3 Lærings- og oppvekstmiljø

Tema	Tiltak	Målgruppe	Når	Ansvar	Samarbeid	Ressurs bruk
Trivsel	Videreføre Trivselsprogrammet	Alle elevane	Heile året	Rektor	Trivselsleder AS	Ordinær skuletid
MOT	Videreføre MOT-programmet	Ungdoms-skuleelevar	Heile året	Rektor	MOT-koordinator	Ordinær skuletid
Trivselsplan	Førebyggje mobbing	Elevar Tilsette	Heile året	Rektor	Komm.sjef/ PPT	Ordinær skuletid

2.4 Kultur

Tema	Tiltak	Målgruppe	Når	Ansvar	Samarbeid	Ressursbruk
Kulturtorget	Deltaking	Kulturniste-kontakt	Jan.	Rektor Fagsjef	Fylkeskulturavd.	Vikarbruk
Aktuelle tema	Den kulturelle skolesekken - kulturnista/ kulturlauget	Lærarar Ass.	Haust/vår	Fylkeskulturavd. Kommune-kontakt for kultursekken Rektor		Vikarbruk Arbeidsplan-festa tid

2.5 Kvalitetsvurdering/kvalitetssikring

Tema	Tiltak	Målgruppe	Når	Ansvar	Sam - arbeid	Ressursbruk
Div. kartleggingsresultat - Brukarundersøkinga - Nasjonale prøver - Kartleggingsprøver - SOL	Arbeid med "Skoleporten" VOKAL	Grunnskulane lærarar	Haust/vår Haust/vår	Rektor Rektor		Arbeidsplan-festa tid
Aktuelle tema: Skulebasert vurdering – oppfølging av "Skoleporten", lokale satsingsområde	Skuleleiar møte Skulebesøk/ leiaroppfølging/ Utvikling av sentrale område . m/særskilt vekt på skulebasert vurdering System for oppfølging av resultat.	Skuleleiarar Plan-gruppe Grunnskulane	Haust/vår Haust/vår	Komm.sjef Rektor Rektor/ Komm.sjef		Adm.tid Arbeidsplan-festa tid Adm.tid
Refleksjonsgrupper	Bruk av analysemodellen	Lærarar	Heile året	Rektor/ Komm.sjef	Kommunale grunnskular i Vestnes/PPT	Arbeidsplan-festa tid

Skulevandring	Rektor og inspektør skulevandrar eit utval lærarar kvart år.	Skuleleiarar	Heile året	Rektor		Adm.tid
Ståstadsanalyse	Utarbeide ståstadsanalyse ved eigen skule	Skuleleiarar/ Plan-gruppe	Heile året	Rektor		Adm.tid
Tilstandsrapport	Kvalitetsvurdering	Komm. styret Adm.sjef	Vår	Komm. sjef	Rektor /skuleleiinga	Adm.tid

2.6 Fokusområde i perioden 2015 - 2018

I perioden 2012 – 2014 har Vestnes saman med Rauma gjennomført utviklingsarbeidet *Spenningsfeltet mellom den ordinære opplæringa og det spesialpedagogiske tilbodet*. I 2014-2015 er prosjektet inne i ein ny fase med vekt på implementering.

Effekt mål:

- Auka læringsutbytte innafor rammene av ordinær opplæring.
- Klargjere grunnlaget for spesialpedagogisk støtte og tiltak.
- God kvalitet på spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

Resultatkrav:

- Utvikle eit heilskapleg og forpliktande styringsdokument for ordinær og spesialpedagogisk opplæring i barnehage og grunnskule.

Prosjektperioden var å ansjå som ei periode for å berede grunnen til eit langsiktig utviklingsarbeid i oppvekstsektoren.

I samband med prosjektet er det utarbeidd standardar/kjenneteikn på den gode barnehage og den gode skule. Det er utarbeidd 4 standardar som skulane, barnehagane og PP-tenesta har starta opp arbeidet med frå hausten 2014. Dette implementeringsarbeidet blir hovudsatsingsområde i grunnskulen i perioden 2015 – 2018.

Skulane i Vestnes er gode når:

- Vi legg vekt på tilpassa opplæring og tidleg innsats
- Det er god leiing
- Det er god brukarmedverknad
- Det er godt læringsmiljø

Føremål med arbeidet:

- Arbeide med standardane – rettesnor – val av framtidig utviklingsområde.

Målsetting:

- Kompetanseheving i personalet
- Felles forståing av innhaldet i standardane
- Felles pedagogisk plattform
- Auke barna sitt læringsutbytte innafor rammene av det ordinære tilbodet

Det skal utarbeidast felles praksis og forståing av beste praksis både på kommune- og einingsnivå. Det skal utarbeidast eit felles dokument på kommunenivå som skulane skal forankre i sitt vidare planarbeid på einingsnivå. Leiinga ved kvar skule skal ha ansvaret for prosessarbeidet ved sin skule.

Ein raud tråd og eit grunnleggjande prinsipp gjennom alle standardane er at vi har kompetente tilsette som er lojale mot beste praksis og vår etiske plattform.

2.6.1 Tidsplan – arbeid med dei 4 standardane

Standardar	2015	2016	2017	2018
Tilpassa opplæring og tidleg innsats				
God leiing				
God brukarmedverknad				
Godt læringsmiljø				

I arbeidet med dei 4 standardane skal prosessarbeidet ha si forankra i:

- Teori – og forskning
- Personalet skal få ei felles forståing av ord og omgrep
- Utarbeide ståstadsanalyse skulevis
- Utarbeide beste praksis
- Forankre arbeidet i ein handlingsplan

2.6.2 Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Tema	Tiltak	Målgruppe	Ansvar	Samarbeid	Ressursbruk
Tidleg innsats og tilpassa opplæring med fokus på å styrke den ordinære opplæringa	Implementere styringsverktøy ved å etablere grunnleggande forståing og praksis.	Plan-grupper Rektorar lærarar	Komm. sjef	Rektorar PPT	Adm.tid Arbeidsplanfesta tid
	Utarbeide beste praksis på kommunenivå og på kvar skule.	Lærarar	Komm. sjef/ Rektor	PPT	Adm.tid Arbeidsplan-festa tid

Tilpassa opplæring er eit gjennomgåande prinsipp i heile grunnopplæringa og legg til grunn at opplæringa skal tilpassast evner og føresetnader til eleven. Kvaliteten på det ordinære er av stor betydning for om eleven har rett til spesialundervisning. Faktorar som er med å påverke er t.d. lærartettleiken, læraren sin kompetanse, storleiken på elevgruppa og val av metodikk.

Målet er å auke andelen elevar som får tilpassa opplæring i grunnskulane i Vestnes.

2.6.3 God leiing

Tema	Tiltak	Målgruppe	Ansvar	Samarbeid	Ressurs bruk
Klasseleiing Ungdomstrinn i Utvikling	Implementere styringsverktøy ved å etablere grunnleggande forståing og praksis.	Alle tilsette Rektor Inspektør	Komm. sjef	Regional utv.rettleiar HIVolda	Adm.tid Arbeidsplanfesta tid
	Utarbeide beste praksis på kommunenivå og på kvar skule.	Lærarar Fag- arbeidarar	Komm. sjef/ Rektor	PPT	Adm.tid Arbeidsplan- festa tid

Ungdomstrinn i utvikling er ei nasjonal satsing. I Vestnes har vi valt å arbeide med klasseleiing. Sjølv om dette er ei ungdomsskulesatsing, så vil både barne- og ungdomsskulane sine tilsette i Vestnes bli inkludert i dette arbeidet. Forsking viser at lærar-elev relasjonen har betydning for eleven sitt læringsresultat og åtferd. Målet med god leiing er å betre læringsmiljøet til elevane i grunnskulen.

Kommunane i Romsdal skal starte opp utviklingsarbeidet ute på skulane skuleåret 2015/2016.

2.6.4 God brukarmedverknad

Tema	Tiltak	Målgruppe	Ansvar	Samarbeid	Ressurs bruk
Brukarmedverknad	Implementere styringsverktøy ved å etablere grunnleggande forståing og praksis.	Alle tilsette Rektor Inspektør	Komm. sjef	Rektorar PPT	Adm.tid Arbeidsplanfesta tid
	Utarbeide beste praksis på kommunenivå og på kvar skule.	Lærarar Fag- arbeidarar Føresette	Komm. sjef / Rektor	PPT	Adm.tid Arbeidsplan- festa tid Rådsorgan

Forskingbasert kunnskap om føresette si betydning for skuleprestasjonar gir gode argumenter for at skulen bør samarbeide nært og godt med føresette i grunnopplæringa.

Samarbeidsforholdet skule-heim er eit vesentleg bidrag til skulen sitt læringsmiljø.

Føresette sine forventningar til skuleprestasjonar har sterkast innverknad på eleven sin motivasjon og innsats.

Målet med god brukarmedverknad er *å få styrka samarbeidet mellom heim og skule.*

Foreldre som støttar eleven si læring og som fremjar positive haldningar til skulen, bidreg positivt til eleven sitt faglige og sosiale utvikling.

2.6.5 Godt læringsmiljø

Tema	Tiltak	Målgruppe	Ansvar	Samarbeid	Ressurs bruk
Læringsmiljø	Implementere styringsverktøy ved å etablere grunnleggande forståing og praksis.	Alle tilsette Rektor Inspektør Føresette	Komm. sjef	Rektorar PPT	Adm.tid Arbeidsplanfesta tid
	Utarbeide beste praksis på kommunenivå og på kvar skule	Lærarar Fag- arbeidarar	Komm. Sjef/ Rektor	PPT	Adm.tid Arbeidsplan- festa tid

Indikatorar på læringsutbytte er t.d. grunnskulepoeng etter gjennomført grunnskule og nasjonale prøver. Gjennom ulike kartleggingsverktøy får skulen målt i kva grad ein har lukkast med å utvikle dei grunnleggande ferdigheitene til eleven. Prøveresultatet skal bidra til å styrke arbeidet til skulen og lærarane med undervegsvurdering. Målet er å få etablert gode læringsmiljø, som er ein føresetnad for god læring.

3 RESSURSBRUK

Det er sett av totalt kr 150.000,- i fellesbudsjettet for grunnskulane til kurs og opplæring eksternt i budsjett 2015.

Denne ramma skal dekke både utgifter til vidareutdanning og anna kompetanseheving som det er vist til ovanfor.

Staten tek den største delen av utgiftene i samband med etter- og vidareutdanning. Det same gjeld ved gjennomføringa av den nasjonale satsinga *ungdomstrinn i utvikling*.